



Repsak 14-21. Føresetnader 2022

Føresetnader

- Vedteken strategi og økonomiplan
- Årslønsvekst og prisstigning på 3 %
- Rente 0,9 % på flytande lån og 1,5 % på fastrente. Fordeling 70 % - 30 %.
- Nye tiltak:
- Plastinnsamling i egen rute frå april 2022 i kombinasjon med ettersorteringsband / presse. Dette er planlagt å gi reduksjon i personalbruk i andre halvår på om lag ½ årsverk, i tillegg til å gi kvalitets – og klimaløft.
- Anlegget på Melsgjerdet lagt inn med 6 månaders avskrivning

Strategi og økonomiplan-1

- **60 % materialgjenvinning ut frå materialgjenvinnar innan 2025 og 65 % innan 2030.**
- **Klimautslepp skal vere eit gjennomgåande perspektiv i innkjøp, planlegging av transport og transportløyningar. Interne som eksterne.**
- **Digetalisere områder for å auke kvaliteten på tenestene og kunne gi sann tid opplysningar til kundane.**
- **Innrette gebyrregulativet sterkare mot brukarbetaling for tenester.**

Strategi og økonomiplan-2

- *Klima*
 - **Omstille med mål om å komprimere avfall før vidaretransport og sette krav i nye anbod om bruk av lastbærarar som kan laste over 30 tonn nyttelast. (investering i komprimerande utstyr i miljøstasjonen)**
- *Henteordningar.*
 - **Vidareføring av innsamling raud boks for farleg avfall to gangar pr år på bygdene.**
 - **Innføre eiga innsamling av hushaldningsplast i perioden i tråd med ynskje framsett i brukarundersøkingar.**
(eiga rute frå april. Eit grep til kr. 200,- pr abonnement)

Strategi og økonomiplan - 3

- *Kvalitet*
- **Kvalitet på avfallsfraksjonane skal vere eit gjennomgåande perspektiv i planlegging, drift, levering og kommunikasjon**
- **Starte opp prøveprosjekt med papirpose for matavfall i 2022.
(nytt)**
- **Gjennomføre årlege plukkanalyser og periodiske kvalitetskontrollar av avfall i behaldar. (på 2021 nivå)**
- **Merke opp alle behaldarar med standardiserte nasjonale emblem og fargekode, for å betre kvaliteten på innhaldet i behaldar. (på 2021 nivå)**

Strategi og økonomiplan-4

- *Miljøstasjon.*
- Innføre eiga mottaksordning av hardplast for materialgjenvinning i 2022.
- Innføre eiga mottaksordning av trevirke til materialgjenvinning 2022.

For å få det til må vi gjere nokre investeringar for å gi plass til det !

Rullekomprimator for pappen.



Inntekter 2022.

1. Standardgebyret aukar frå kr 2895,20 til kr 3095,20, men vi utvidar hentetilbodet med plastinnsamling i eigen rute frå primo andre kvartal 2022. Dette har ei kostnadsside i storleik kr 200,- pr abonnement. Bakgrunn er vedtak i strategi- og økonomi-plan og ynskje frå 80 % av brukarane (framkome i brukarundersøkingane.)
2. Slamgebyret går ned. - 3% på vanlege tankar og kommunale tankar. - 12 % på tette tankar.
- 3a. Retura Søre Sunnmøre AS tar over køyring i eigen regi av småbehaldarar næring frå primo 2 kvartal. (når bestilt bil til formålet blir levert). Det gir inntektsbortfall stor 2,2 mill kr.
3. Budsjettet er saldert med bruk av 1,1 mill kr i fondsmidlar. (frå overskot 2020)

Vi innfører meir brukarbetalingar.

- Målet er å redusere overforbruk av tenester i storleik kr 300'. Auka inntekter kr 200'.
SSR har sist sommar hatt 0 stilling til bytte av behaldarar. SSR har gebyr på denne tenesten. Vi brukar 0,6 stilling på byte av behaldarar på årsbasis.
- Prisane vi brukar er like med SSR, så får vi endre dei seinare år, når vi får eit betre inntrykk av kostnad / inntekt.
- Vi byttar kostnadsfritt behaldarar med skader som før. Der er syndaren som oftast VØR sine bilar. Men andre bytte / utsettingar vil vi ta betalt for. Dei som hentar i Torvmyrane 29 får kun eit etableringsgebyr.
- Eigen behaldar for plastsekk. Her er det tale om emballasje utanpå sekken med emballasjeplast. Det går seinare å tømme ein behaldar enn å plukke med seg ein sekk som står ved sidan av. Behaldar kostar i innkjøp og utsetting.

Investeringsmidlane vert brukt på bygg, effektivisering og kvalitet.

- Melsgjerdet 3 vert fullfinansiert slik vi kjenner kalkylene idag.
- Vi startar opp med balleproduksjon av papir og plast i eigenregi frå andre halvår 2022. Vi meiner dette vil meir enn halvere behovet for transport til gjenvinnar av papir, papp og plast.
- Eigen rute for plastinnsamling frå april 2022.

Klimatiltak: Intern og eksternttransport må minimaliserast. Det må skapast plass for å kunne sortere fleire fraksjonar i miljøstasjonen

- Rullekomprimator blir kjøpt inn for pappen for å gjere vareflyten mellom Torvmyrane og Melsgjerdet 3 så rasjonell som råd.
- Den vil redusere internttransport og for å frigjere plass til utsortering av trevirke og hardplast til materialgjenvinning.
- Metallet kan gå direkte til Vartdal utan omlasting.

Covid -19

- Vi legg til grunn at avfallsmengdene vil gå ned til 2019 nivå (eit lågare nivå enn i dag), når vaksinasjonen i samfunnet har nådd skikkeleg ut.
- Vi ser alt ein nedgang i smittesituasjonen, og trur den fortsetter.

Kommunikasjon:

- Aktivitet i perioden vil mest vere knytt til oppfølging av kvalitet på papir, emballasjeplast og emballasje for glas/ metall.
- Kontakt med skular og barnehagar
- Kontakt med grendalag i samband med bygderydding, strandrydding og FA aksjonar.



Raud boks

- Vi vidarefører bygderydding og FA aksjonar som før
- Vi innfører i denne omgang ikkje generelle henteordningar for FA, grunna dårlege erfaringar i andre IKS. Vi vil bruke meir tid på å innhente kunnskap, før dette vert tatt opp att.



Slamtøming 2022.



- Hovudrunde i 2022

RBM 2022.

- Vi har no brukarundersøking to år på rad, med samanfallande opplysningar i begge.
- Vi rår til å stå over RBM 2022.